

---

Vår referanse 2020/62701-9  
Dato 09.03.2021

---

Svenn Hauge  
Mykingvegen 761  
5913 EIKANGERVÅG

## Løyve til bygging - Avkøyrslø - Fv. 5464 Mykingvegen - Gnr 29 bnr 3 m.fl - Alver kommune

Vi viser til søknad av 25.08.2020.

### **Vedtak**

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til etablering av avkøyrslø frå fylkesveg 5464 Mykingvegen til gnr. 29 bnr. 3 i Alver kommune.

### **Avkøyrslø er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.**

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslø fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

### **Vilkår for løyvet**

1. Avkøyrslø skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, datert 09.03.2021, referanse: FV5464 S2D1 m4330. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrslø*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld avkøyrslø til landbrukseigedom.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrslø skal vere minimum 100 meter til kvar side av køyrebanen. Eventuelle planter og liknande kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter (sjå «Krav til utforming»).
4. Svingradius skal vere 9 meter (18 meter i diameter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrslø skal vere 5 meter (sjå «Krav til utforming»).
5. Stigningskravet skal haldast (sjå «Krav til utforming»). Vi vil her gjere spesielt merksam på at avkøyrslø skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm dei første 2 meterane.
6. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

8. Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyrret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden (sjå *Krav til utforming av avkøyrsla*).
9. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
10. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsla* underskrivast og sendast i retur for endeleg godkjenning.
11. Det er eit vilkår at ulovleg oppført avkøyrsla er stengt.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsla* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

### Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsla frå.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t, og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 500 køyretøy. Strekninga er klassifisert til «Haldningsklasse 3» jf. «Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggjegranser for riks- og fylkesveg i Region vest».

Rammeplan er retningsgjevande for korleis vi behandlar søknad om avkøyrsla. Haldningsklasse 3 vil seie at talet på avkøyrslar til vegane skal vere avgrensa. I dette tilfellet gjeld det søknad om avkøyrsla til landbruksføremål, som er bunde av areala. Statens vegvesen gav løyve til å byggje avkøyrsla i 2011. Dette løyvet er gått ut på dato, og det søkjast difor om nytt løyve til å byggje avkøyrsla.

Krava som er gitt i løyvet er samsvarande med løyvet som vart gitt i 2011. Søkjar er sjølv ansvarleg for at avkøyrsla er dimensjonert for bruken. Sidan det er gitt uttrykk for at avkøyrsla skal nyttast til uttak av tømmer, nyttar vi høve til å minne om bruksklassen på fylkesvegen, som er satt til Bk10 med maks tillatt vogntoglengde på 19,5m.

Når avkøyrsla er bygd skal Vestland fylkeskommune kontaktast for kontroll av avkøyrsla og eventuell løyve til bruk av avkøyrsla.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Kari Elster Moen  
Isenioringeniør

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4

Vedlegg:

Krav til utforming av avkøyrslø.

Situasjonsplan datert 09.03.2021

Melding om opparbeidd avkøyrslø

## Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå Mykingvegen, FV5464 S2D1 m4330 ved gnr. 29 bnr. 3 i Alver kommune er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 09.03.2021.

.....  
Sted/dato

underskrift søker/grunneigar

.....  
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN